Grenda

Energiske Vamp

Publikum reiste seg og trampeklappa på siste låta i Kulturhuset Husnes.

Vamp samla, ikkje overraskande, fullt hus og publikum opplevde eit energisk haugesundsband i aksjon på scenen i Kulturhuset Husnes.

Medan Øyvind Staveland gjorde seg klar til nok ein forrykande konsert, forklara han kvifor dei kjem til mindre plassar, som Husnes.
– Det er viktig for oss å nå så mange vi kan. Stadar som Husnes, Sauda, Odda og Stord ligg nær Haugesund og har hatt mykje å seie for bandet påpeikar han. Ungdomstida herja dei plassane kring sildabyen. På dei første speleturneane til Vamp for 15 år sidan, var det lett å få spelejobb i nærmiljøet.
– Det er stappfullt i dag, kva synest du?
– Det er kjempeflott. No er det mange år sidan me har vore her, medgir Staveland som har vitja både Rosendal og Hatlestrand dei siste åra.

Største konsertoppleving
Øyvind Staveland har hatt ein av dei spesielle konsertopplevingane i vår kommune.
– Det var spesielt å spele i ei hole på Hatlestrand, og det er ein konsert me aldri gløymer, fortel strengekunstnaren.
– Er «Tir n´a noir» kjenningsmelodien for Vamp. Spelar de den på alle konsertar?
– Det var ein gong me valde å ikkje spela den på ein konsert. Vi heldt på å få juling etterpå. Sidan har me spela den kvar gong, seier Staveland. Han vil ikkje seie at det er den mest Vampske melodien, men den har vakse seg inn i folkesjela.
– Eg synest alle melodiar er oss. Det er så varierande, legg han til.
– «Siste stikk» inneheld kjenneteikn som ein kan finne i 1. plata «Godmorgen, søster». Det er viktig prøva å la seg begeistra og leita etter nye måtar å levera musikk på. Me har særpreget med oss – samtidig er me på leit.

Smigrande
Den siste plata «Siste stikk» vart lansert same veka som Robbie Williams si siste plate og haugesundarane tok innersvingen på Robbie og gjekk til topps på hitlistene her til lands.
– Det var litt spesielt og veldig smigrande, smiler Staveland. Han har laga melodi til dei fleste tekstane der flesteparten er skrivne av Haugesund-poeten Kolbein Falkeid.

Den lange vegen
– Me har gått den lange vegen, forklarar Staveland som saman med Torbjørn Økland, Calle Apeland og Vidar Johnsen er Vamp. Stein Inge Brækhus er med på trommer. Staveland, som har vore med sidan starten, meinar bandet har vakse seg fram sakte men sikkert.
Med ei naturleg utvikling har bandet opparbeidd ein stadig større publikumsmasse. Staveland fortel han har sett dei fleste fallgruver – ein dag høgt oppe og neste dag går alt på trynet.
«Siste stikk» venta dei var for det smale publikum.
– Plata var viktig å gi ut. Det er ikkje naudsynt at den vert ein hit. Men det var ei god kjensle for oss når me lukkast, smiler han. Den har selt over 80.000 eksemplar.
– Korleis er det å reise rundt på konsertar?
– Det går betre og betre synest eg, seier Staveland. Han set seg ned og signerer nokre plater mens han fortel at han trivest å skifte på scener frå utandørs til kulturhus, klubb og kyrkje.
– Me forventar ein god konsert, smiler han og går på scenen.

Har du sagt A
Vamp klemte til med «Har du sagt A, så har du sagt A» og dermed var dei i gang med ein konsert som heldt pulsen oppe i ein og ein halv time. Frå den siste plata spela dei mellom anna «Nok ein song om havet» og «Kim du nå va?».
På siste låta «Månemann» oppfordra Vamp publikum å reise seg, og dei let seg ikkje be to gonger. Til trampeklapp leverte gruppa to ekstranummer. Vamp gjennomførte nok ein forrykande konsert, og ja, dei spela «Tir n´a noir».

Vidar Johnsen på vokal og gitar song det folk ville ha, «Tir n´a noir» er og blir ein del av konsertrepertoaret.

Anna Hellevang
anna@grenda.no

Oppdatert: 05.09.2006